Naturvernforbundet
#4 - 2016 • 40. årgang
Magasin for medlemmer i Naturvernforbundet Hordaland
kr 50,-

# NaturVest



Kva er grøn industri? **6-9**

Ikkje oversjå Russland **14-15**

Julegåvetips frå Miljøagentane **16**

# Lat oss ta jula tilbake



TEKST SYNNØVE KVAMME

Så nærmar det seg plutseleg jul igjen. Eg har alltid vore glad i denne stemningsfulle høgtida og alle tradisjonane – advent, mørke kveldar med levande lys og fyr i omnen, lukta av røykelse og juletre, julesongar, jakta på mandelen i grauten på veslejulaftan, Tre nøtter til Askepott, julehefte og pinnekjøt på julaftan, og ikkje minst etterlengta kvalitetstid med familie og vener.

Det er vel berre å innrømma at eg òg alltid har vore blant dei i familien som elskar å kneppa på pakkane som ligg der så hemmelegheitsfulle under treet. Men i takt med at eg har fått meir kunnskap om forbruk og miljø, har glansbiletet eg hadde av den norske jula falma. «Konsumerismen» har kuppa høgtida – i alle fall prøver den sitt beste å gjera det. Matbutikkane startar salet av julevarer i september. Det massive kjøpepresset brøyter seg fram i alle kanalar, forkledd i folkekjære julesongar, idyllisk ramma inn av snø og julekuler. Målet er naturlegvis at haugen under juletreet skal verta endå litt større enn i fjor. Det er spådd at me nordmenn kjem til å bruka utrulege 55,5 milliardar kroner på julegåver i år – dobbelt så mykje som naboane våre i Sverige og Finland, og langt meir enn danskane – sjølv om dei aller fleste av oss allereie har alt me treng, og vel så det. Dette viser att i julehandelen. Mange panikkhandlar i siste liten fordi dei ikkje anar kva dei skal kjøpa til folk – fordi dei har jo allereie alt. Førjulstida har for mange blitt eit stress beståande av å stå i kø, lessa ned av handleposar for å sikra dei siste julegåvene. Og mange sløsar pengane bort på heilt unødvendige duppedittar som aldri vil verta brukt. Ikkje nok med det – mange av varene me kjøper er av så dårleg kvalitet at dei knapt varer fram til neste jul. Kvifor? Fordi det løner seg at me ofte må kjøpa nytt, naturlegvis.

Eg er lei av all reklamen som misbruker dei fine julesongane og julesymbola i eit dårleg fordekt forsøk på å overtyda meg om at jula handlar om å kjøpa, kjøpa og kjøpa. For det er jo galskap - om alle i verda skulle hatt eit like høgt forbruk som den gjennomsnittlege nordmann, hadde me trengt nesten to jordklodar til! Likevel skal me halda fram med å auka forbruket vårt? Det er fjernt frå dei verdiane jula eigentleg handlar om. Det er på høg tid å ta jula tilbake. Lat oss satsa på kvalitet og haldbarheit framfor bruk-og-kast. Lat oss laga heimelaga, personlege presangar. Lat oss gje kvarandre tid og opplevingar i staden for ting me ikkje har bruk for – eller gje pengane til dei som treng dei meir enn oss. Men viktigast av alt, lat oss ta fokuset vekk frå presangane og tilbake til å vera saman med dei me er glade i, høyra på julemusikk, leika i snøen og baka julekaker, og alt det som gjer jula spesiell for kvar og ein av oss. God jul!

*Synnøve Kvamme er leiar for Naturvernforbundet Hordaland.*

NaturVest er medlemsbladet til Naturvernforbundet på Vestlandet. Naturvernforbundet Hordaland er ansvarlig utgiver for fire nummer i året, to av disse går også ut til Møre og Romsdal.

Naturvernforbundet fremmer kunnskap og løsninger som ivaretar naturen og skaper et energieffektivt samfunn i økologisk balanse. Vi er over 20 000 medlemmer i 100 lokallag med fylkeslag i alle fylker og hovedkontor i Oslo. Vi er en del av den verdensomspennende miljøvernorganisasjonen Friends of the Earth.

**Daglig leder**
Nils Tore Skogland

**Redaktør**
Øyvind Strømmen

**Bidragsytere**
Synnøve Kvamme
Elise Eidset
Ragnhild Gya
Hallvard Birkeland
Marijke Strømmen
Mona Maria Løberg
Borgar Emanuelsen Bohlin
Daniel Voskoboynik
Miljøagentene
Sverre Stakkestad
Morten Bragdø
Mette Havre
Tara Storhaug Alfredsen

**Annonseansvarlig**
Sverre A. Stakkestad
Tlf. : 55 10 10 97

**Layout**
Mona Maria Løberg
mm@naturvernforbundet.no

**Trykk**
A2G Grafisk AS

**Opplag**
2340

**Framside**
Foto: Mona Maria Løberg.

**NaturVest**
v/Naturvernforbundet Hordaland
Bryggen 23, Jakobsfjorden 4. etasje
5003 Bergen

Tlf. 55 30 06 60
naturvest@naturvernforbundet.no
www.naturvernforbundet.no/hordaland

NaturVest oppfyller miljøkrav til papir, trykkfarge og trykkeprosess.

Papir: 100g Cyclus Offset 100% resirkulert

Se også www.svanemerket.no

## INNHOLD


3 Trump skaper usikkerhet
4 Vil bygga ut verna vassdrag
6 Kva er eigentleg grøn industri?
11 Er Norges klimapolitikk bedre enn Trumps?
14 Ikke overse Russland
16 Jakten på en miljøvennlig jul
17 Barnas Klimapanel til Marrakech
18 God jord
18 Et godt nyttårsforsett
20 Kalender




Hordnesskogen er et unikt område som tilbyr friluftsliv til svært mange. Det er også mangelfull kartlegging av arter og artssammensetninger i Hordnesskogen. Med ny E39 i tillegg til jernbaneterminal, vil Rådalen kunne bli en ny Danmarksplass. Les vår høringssuttalelse om godsterminal for jernbane i Bergen: bit.ly/2e6Tkf3 Foto: Mona Maria Løberg

## KORTNYTT

# Trump skaper usikkerhet

## Valet av Donald Trump som president skaper usikkerhet om klima- og miljøpolitikken, både i USA og i det internasjonale miljøsamarbeidet.

TEKST ØYVIND STRØMMEN

Donald Trump har i løpet av valkampen blant anna sagt at han ynskjer å kansellera Paris-avtala, og at han vil kutta økonomiske bidrag til klimatiltak gjennom FN.

USA sin neste president har tidlegare framstilt klimaendringane som ein bløff, og som noko kinesarane har kokt saman for å sveikka amerikansk økonomi. Han har også ytra at han vil fjerna reguleringar Obama innførte for å kutta i klimagassutsleppa, blant annan innan fossilsektoren: kol, olje og gass.

Hvorvidt Trump faktisk vil trekke USA fra Paris-avtalen er imidlertid fremdeles uklart. En slik avgjørelse vil ikke bare være til skade for klimaarbeidet, men også skape dårlig samarbeidsklima med andre land, noe som kan gjøre det vanskeligere for USAs kommende president å oppnå resultater på andre områder han har løftet frem i valgkampen. – Vi må håpe at presidenten Trump tar mer klima- og miljøansvar enn den Trump vi så i valgkampen, sier Naturvernforbundets leder Silje Lundberg.

– De neste fire årene blir ikke enkle, sier Erich Pika i Naturvernforbundets amerikanske søsterorganisasjon Friends of the Earth USA, samtidig som han understreker at den amerikanske miljøbevegelsen har kjempet mot fiendtlig innstilte styresmakter også tidligere, og lover fortsatt kamp for miljøet.

– Vi vil samle ny energi, gå sammen og bruke alle strategier for å kjempe mot hat, grådighet og miljøødeleggelser. Selv om jeg skulle ønske at en annen kamp stod foran oss, må vi ta del i den vi har fått. Både landets og planetens fremtid avhenger av det.



Donald Trump er dårlig nytt for miljøkampen. Foto: Gage Skidmore (CC BY-SA 3.0-lisens).

# Vil bygga ut verna vassdrag

**Odda kommune vil finansiera flaumsikring med kraftutbygging i Opo, eit verna vassdrag. Regjeringa vil opna for det same. Naturvernforbundet er blant dei kritiske røystene.**

TEKST ØYVIND STRØMMEN

I regjeringspartia har det lenge vore dei som vil byggja kraftverk i verna vassdrag. Opo i Odda ser ut til å verta ein prøvestein for denne politikken. Opo-vassdraget var eit av dei 93 vassdraga som gjeve varig vern mot kraftutbygging då den fyrste verneplanen for vassdrag kom her til lands, tilbake i 1973. Vernet gjaldt også velkjende Låtefoss som ligg i sideelva Austdølo, og Odda kommune var sjølv ivrige etter å ta vare på ein turistattraksjon.

Etter storflaumen i Odda i 2014 – der fem hus forsvann og rundt hundre personar vart evakuerte – har kommunestyret tenkt annleis. I samarbeid med Sunnhordland kraftlag er det utvikla planar om ein flaumtunell frå Sandvinvatnet og ut i Sørfjorden, eit prosjekt som også vil innebera kraftproduksjon – ein måte å finansiera flaumtunellen på.

## Korte fristar

Låtefoss ligg som kjend godt ovanfor Sandvinvatnet, og går difor klår, men framlegget inneber likevel at Odda kommune ynskjer å oppheva vernet av elva. No har regjeringa også lagt fram eit framlegg for Stortinget om å opna for konsesjonshandsaming i den nedre delen av elva. Saka er oversendt Stortinget med særs korte fristar, 1. desember skal nemleg energi- og miljøkomiteen gje innstilling i saka. Dermed kan ein heil del allereie vera avgjort når du les dette i NaturVest.

I eit intervju med nrk.no uttrykkjer Frp sin stortingsrepresentant Helge Andre Njåstad glede.

– Dette er eit spanande prosjekt som både kan bidra til å sikra Odda mot flaum og til å gje betydeleg ny fornybar kraftproduksjon og skapa arbeidsplassar, seier han til NRK.

Prosjektet har imidlertid fått kritikk frå både Heikki Holmås (SV) og Ola Elvestuen (Venstre), som reagerer på hastverket.

– Saka kan koma til å danna presedens for andre verna vassdrag, åtvarer Elvestuen i eit intervju med Bergens Tidende. Ordføraren i Odda, Roald Aga Haug (Ap), har slått attende. Han meiner dei to politikarane er lite følsame for frykta folk i Odda kjenner på. Haug legg likevel til at kraftproduksjon ikkje er viktig for kommunen, men seier at det skal finansiera tiltaka for flaumsikring.

## Naturvernforbundet kritisk

Naturvernforbundet er kritiske til regjeringa sin politikk.



Opo renn mellom Sandvinsvatnet – som ein her ser øvst på biletet – og Sørfjorden. Foto: Eirik Solheim. (CC BY-SA 2.0-lisens).

Tilrådinga deira er stikk i strid med Stortinget sin ferske føresetnad for kraftutbygging i verna vassdrag, seier leiar i Naturvernforbundet nasjonalt, Silje Ask Lundberg på naturvernforbundet.no.

– Her heiter det at dette berre kan vurderast i dei tilfella der andre flomdempingstiltak er utprøvd og verneverdiane ikkje vil verta nemneverdig påverka.


RENAULT
Passion for life
Renault ZOE Intens
100% elektrisk kjøreglede
Kontakt oss for et godt finansieringstilbud
• Ett års gratis lading på Fortum og Circle K ladepunkter
• Wallbox/hjemmelader (inkl. i prisen)
• Utslippsfri og støyfri elbil med plass til fem personer
• Maksimale 5 stjerner i Euro Ncap sikkerhetstest
• 1 års medlemskap i Elbilforeningen
• Tilgang til enkelte kollektivfelt
• Ingen bompenger
• Redusert årsavgift
KAMPANJETILBUD
Kjøp Renault ZOE INTENS og spar kroner
38 000,-
Klar for levering!
Renault ZOE Intens
Førpris fra kr 240 380-
KAMPANJETILBUD
Nå kun kr 202 380,-
Renault ZOE: Ladetid m/ 3,6 kW wallbox er ca. 5 t. og 40 minutter og kun 100 minutter m/ 11 kW wallbox (0–80 %). ZOE Intens Easy Charge m/ 3,6 kW wallbox, nå fra kr 202 380. ZOE Intens Supercharge m/ 11 kW wallbox, nå fra kr 227 380,-. Renault ZOE har 240 km rekkevidde (NEDC, New European Driving Cycle). Kampanjetilbud: Tilbudet kan ikke kombineres med andre rabatter eller tilbud og gjelder så lenge lageret rekker. Pris kan variere pga. lokal frakt. Forbehold om trykkfeil. Les mer om Renault ZOE på www.renault.no.
renault.no
MotorForum Bergen
Adresse: Øvre Kråkenes 51, 5152 Bønes
Telefon: 55 52 60 00
Åpningstider salgsavdeling
Man.– fre.: kl. 08.30–16.30
Tors.: kl. 08.30–20.00. Lør.: kl. 10.00–14.00
Følg oss på
facebook.com/MotorForumBergen
Web: www.motorforum.no/bergen
Vi serverer kaffe og vafler
på Renault Pro+ avdelingen
torsdager fra kl.07.00 – 09.00

# Kva er eigentleg grøn industri?




**Onsdag 5. oktober hadde Naturvernforbundet Hordaland igjen invitert til Naturleg onsdag på Litteraturhuset i Bergen. Temaet for kvelden var grøn industri.**

TEKST ELISE EIDSET FOTO RAGNHILD GYA

Korleis kan ein drive industri som støttar opp under det moderne samfunnet utan å gå på bekostning av naturen? Kva skal til for å oppnå ein reelt bærekraftig industri? Øystein Lunde Heggebø, leiar av Naturvernforbundet Hordaland si faggruppe for bygg og energi starta med ein introduksjon til temaet bærekraft.

– Menneske er avhengig av naturlege krinsløp for å oppfylle sine behov, bærekraft handlar om å ta vare på desse naturlege krinsløpa, sa Heggebø.

Eit problem i dag er at vårt økologiske fotavtrykk er større enn jorda sin kapasitet. Faktisk nyttar me halvannan gang meir ressursar enn jorda si emne til å fornya ressursar. Fleire av naturen sine tolegrenser er under akutt press, gjennom tap av biomangfald, press på fosforressursar, gjennom arealbruk og gjennom klimaendringar. Ein ser at det økologiske fotavtrykket veks i takt med rask folkevekst.

– Me må identifisera kva behov me har, og deretter diskutera korleis desse behova kan stettast, avslutta Heggebø.



På Naturleg onsdag i oktober var spørsmålet korleis ein skal forstå omgrepet berekraft, og kva som skal til for å oppnå ein reelt berekraftig industri. Eit stort og engasjert publikum møtte opp. Foto: Borgar Emanuelsen Bohlin.

**Kan oppdrettsnæringa verta bærekraftig?**
Onsdagens andre innlegg vart halde av Jon Olaf Olaussen, professor ved NTNU. Olaussen snakka om fiskeoppdrettsnæringa i lys av dagens tema.

Oppdrettsnæringa har vakse sterkt, med ein produksjon på 300.000 tonn i 1997 og på 1.300.000 tonn i 2015. Men med denne suksessen kjem også utfordringane: røymd laks frå oppdrettanlegg har synt seg å påverka villaksen genetisk, lakselus frå oppdrettslaks vert eit problem for både villaks-smolt og sjøaure, som lever heile livet sitt i fjorden. Avfall frå norske oppdrettsanlegg tilsvarer kloakkutslepp frå om lag 20 millionar menneske. Olaussen presenterte to hovudmåtar å løysa desse problema på. Det fyrste alternativet er å endra på dagens produksjonsmetode, gjennom sikrare merder, betre rutiner, nye lusemiddel, og så vidare. Det andre alternativet er å finna ei ny produksjonsmetode. Her nemnde Olaussen moglegheitene i lukka anlegg anten i sjøen eller på land.

**Mikroalgar som fiskefôr**
Hans Torstein Kleivdal er forskingsleiar ved Uni Research og førsteamanuensis II ved Universitetet i Bergen. Kleivdal heldt eit interessant innlegg om korleis vi skal vere med på å utvikle havbruk og akvakultur i ei meir bærekraftig retning.

> «Biologi må verta eit strategisk leiingsfag, på same måte som økonomi, jus og som ingeniørfaga.
>
> NILS TORE SKOGLAND




Hans Torstein Kleivdal, forskningsleiar ved Uni Research og førsteamanuensis II på UiB, fortalde om UiB sitt pilotprosjekt for dyrking av mikroalgar til bruk i fiskefôr basert på fanga $CO_2$ frå Teknologisenter Mongstad.

Ei utfordring ved den marine matproduksjonen er å nytte bærekraftige fôrressursar, her trengs det nye alternativ. I dag er fiskeolje ein viktig komponent i fôret til laks. Kleivdal meiner ein får ein meir effektiv energiutnytting dersom ein hentar ut energien på lågare trofiske nivå, altså: lenger ned i næringskjeda. Marine mikroalgar er då eit alternativ til fiskeolje.

– Heile algen er ein næringsrik pakke som kan nyttast direkte inn i fiskefôret, sa Kleivdal.

På teknologisenteret på Mongstad vert det no forska på moglegheita til å nytta $CO_2$ frå $CO_2$-fangst til dyrking av algar, ein potensiell ny fôrressurs. Ei hovudutfordring så langt er at produksjonen er for kostnadskrevjande og produksjonsvolumet for lite, her vert det arbeidd for å finna meir effektive løysingar.

**Kebony- bærekraftig byggjemateriale gjennom grøn kjemi**

Kveldens siste innlegg vart halde av Per Brynildsen. Brynildsen er teknisk direktør i firmaet Kebony, som driv bærekraftig produksjon av treverk.

Regnskogtømmer er eit edelt treverk som er eit populært produkt. Tropisk regnskog er svært viktig for både klima og biomangfald, og Kebony søkjer å vera eit berekraftig alternativ til denne typen produksjon. Dette vert gjort ved å få furu til å likne på edlare treverk som tropisk regnskogtømmer, ved hjelp av det Brynildsen kallar grøn og fornybar kjemi. Kebony utnyttar eigenskapen tre har til å ta til seg væske ved å fylle treverket med vatn og furfurylalkohol. På denne måten får ein plankar som er brunare og hardare enn det opprinnelege treverket, og produkt som har lenger haldbarheit. Ved å nytte denne teknologien har Kebony produsert alt frå terrasser til Gibson-gitarar.

**Paneldebatt**

Etter innlegga var det klart for debatt, leia av kveldens første innleiar - Øystein Lunde Heggebø. I tillegg til Jon Olaf Olaussen, Hans Torstein Kleivdal og Per Brynildsen var også Nils Tore Skogland, dagleg leiar i Naturvernforbundet Hordaland, med i panelet.

Heggebø starta paneldebatten med å stille kveldens store spørsmål: kan vi skape ein industri som kan fungere innanfor naturens tolegrenser? Olaussen meinte dette absolutt var mogleg, det er noko vi bør ha som mål. For at dette skal vere mogleg må myndigheitene ta styring og tvinge industrien i riktig retning. Kleivdal sa seg samd i dette. Samtidig vil all produksjon ha eit miljøavtrykk. Vi vil nok aldri komme på null, men klarer ein å finne nye og meir bærekraftige produksjonsmetodar enn det ein allereie har er ein på riktig veg. Ein engasjert Skogland innvendte at det

### OM NATURLEG ONSDAG

På *Naturlig onsdag* diskuterast ulike tema kring klima og miljø. Gratis for medlemmar, 50 kr for andre. Les meir om møteserien og finn gamle referat på: bit.ly/NaturligOnsdag

### SJÅ MØTET SJØLV

Sjå Naturlig onsdag om bærekraftig industri: bit.ly/2ezhL8W

> «Heile algen er ein næringsrik pakke som kan nyttast direkte inn i fiskefôret.
>
> HANS TORSTEIN KLEIVDAL

krevst eit større paradigmeskifte: framfor å spørje om vi kan drive ein industri innanfor naturens tålegrense må vi gjere oss kjent med korleis naturen fungerer og bidra etter same prinsippa som det naturen gjer. Til dette svarte Kleivdal at eit slikt paradigmeskifte er noko som sjeldan skjer. Fram til det skjer må ein arbeide med gradvise forbetringar. Det inneber ikkje like store og radikale endringar, men er steg på vegen, fram til ein får radikal innovasjon.

Vidare gjekk diskusjonen inn på viktigheita av tverrfagleg kunnskap innan forsking- og utviklingsarbeid. Kleivdal nemnde at det som forskar er enkelt å velja ei problemstilling og så sjå på berre denne. Samtidig seier han at han ser ei stor forbetring med auka fokus på tverrfaglege prosjekt.

– Biologi må verta eit strategisk leiingsfag, på same måte som økonomi, jus og som ingeniørfaga, meinte Skogland.

– Framfor å kome med nye løysingar som naturen aldri tidlegare har sett, bør ein sjå på korleis naturen sjølv har løyst problem, og ta utgangspunkt i dette.

**Stort engasjement frå salen**

Det var mange til stades i publikum denne onsdagen og engasjementet var stort.

Arild Hermstad i Framtiden i våre hender var den heldige som fyrst kom til orde. Hermstad meinte at Skogland sine tankar om naturinspirert innovasjon er ei naiv løysing som undervurderer krisa me i dag står overfor. Til dette svara Skogland at de ikkje handlar om ein idéell situasjon, men om ei retning å følgja. Det er ikkje naivt, meinte han, å gå i den retninga, når ein veit at det er dit ein må, framfor å gå for andre og lite gjennomtenkte løysingar som skaper nye miljøproblem i neste fase.

Eirik Hordnes frå Naturvernforbundet Hordaland si bygg- og energigruppe spurde Kleivdal kva definisjon på bærekraft Uni Research tek utgangspunkt i.

Til dette svarte Kleivdal «at det ikkje skal gå utover miljøet i varig grad». Han understrekar at ein må sjå korleis det er i dag og om det er mogleg å gjere forbetringar.

Siste spørsmål kom igjen frå Eirik Hordnes som spurte panelet etter konkrete døme på kva dei meiner er berekraftig. Olaussen repeterte sitt døme med lukka anlegg i oppdrettsnæringa. Samstundes peika Olaussen på at ein må ned på mikronivå om ein løysa framtidas matproduksjon. Kleivdal sa seg samd, og framheva at produksjon av fôrressusar som ikkje går på bekostning av matproduksjon er berekraftig. Brynildsen framheva på si side viktigheita av å ikkje bryta naturlege krinsløp.

– I tillegg kan ein ikkje systematisk henta material og energi frå jordskorpa og sleppe ut noko som naturen sjølv kan gjenvinne, heldt Skogland fram.

– Ein kan heller ikkje bryte opp naturområder og ein kan ikkje systematisk hindre folk i å oppfylle sine behov. Berekraft definerer eigentleg kva du kan gjere innanfor rammene på eit økologisk spel. Dagens miljøteknologi opererer ofte på kanten eller utanfor spelet, avslutta Skogland.






**skyss.no**



Orangeriet | Foto: Fred Jonny™

## Reis miljøvennleg!

Bruk buss eller Bybanen og bidra til eit betre miljø. Last ned reiseplanleggaren eller gå inn på **skyss.no** for å planlegge reisa.

Spar miljøet – reis kollektivt! God tur!

skyss

# Vestlandets beste utvalg på elsykler



Du finner oss i Kanalveien 107. Butikken rommer 1300 kvm og inneholder et rikholdig utvalg i sykler og utstyr. Her finner du også verkstedet, som kan tilby rask og rimelig reperasjon og service på din sykkel. Våre åpningstider gjør det enkelt for deg å komme inn på et tidspunkt som passer i en travel hverdag. Vi har meget gode parkeringsmuligheter. Velkommen til oss!

Sykkelbutikken AS
Kanalveien 107
5068 Bergen

Butikk og verksted:
Mandag-Fredag: 10-18
Torsdag: 10-20 Lørdag: 10-16

sykkel
butikken

# Er Norges klimapolitikk bedre enn Trumps?

Mange fikk seg et sjokk da Donald Trump vant. I kampen mot klimatrusselen er det mange som frykter full stopp i den amerikanske innsatsen når klimafornekteren Trump tar over roret. Men er den norske klimapolitikken egentlig så mye bedre enn den vi frykter fra Trump?

TEKST HALLVARD BIRKELAND OG SYNNØVE KVAMME ILLUSTRASJON MARIJKE STRØMMEN

De siste nyhetene om norsk klimapolitikk tyder ikke på det. Samtidig som Paris-avtalen trer i kraft, utlyser Norge nye blokker for oljeleiting. Miljøminister Helgesen ga sist uke opp å innfri 2020-målsettingen som ble avtalt i klimaforliket. Arbeiderpartiet er enig, samtidig som de presenterer seg i en ny og grønn drakt – uten noen tiltak som virkelig monner. Men med storsatsing på biodiesel, som faktisk kan gi større utslipp en fossilt! Dette viser behovet for å øke miljøkompetansen blant mange politikere, noe som også burde gjøre det lettere å få politisk gjennomslag for konkrete tiltak for å redusere klimagassutslippene. Dessverre ikke dette så lett i dag: For noen uker siden kom innstillingen fra Energi- og miljøkomiteen på Stortinget om Miljøpartiet De Grønnes forslag om å utrede innføring av karbonavgift til fordeling (KAF) i Norge. Alle partiene er enige om at det kreves «drastiske kutt» i utslippene fra transportsektoren, og nytenking i klimapolitikken. Da er det skuffende at det flertallet ikke en gang er villig til å utrede et forslag om å innføre en karbonskatt. Selv om det heldigvis er ytterst få som deler Trumps klimafornektelse på Stortinget, har politikerne våre likevel en lang vei å gå for å gjøre ord om til handling når det kommer til Paris-avtalen. KAF vil være et godt steg i riktig retning.

KAF er utformet for å kunne innføres i ett enkelt eller flere land. Forslaget er veldig enkelt. Man krever inn en avgift på alle fossile brennstoffer fra importører og produsenter. Denne avgiften stiger med et avtalt beløp hvert år. Avgiftsinntektene utbetales tilbake til hver enkelt innbygger, rett på konto. Det er en Robin Hood-løsning: de med høyt karbonforbruk vil gå i minus, mens de med lite karbonforbruk, vil tjene. For privatpersoner er bilkjøring, altså bensin, ofte den viktigste formen for karbonforbruk. Hensikten er å gjøre karbonforbruk/klimagassutslipp stadig dyrere, og bærekraftige løsninger billigere, slik at det blir lettere å ta miljøvennlige valg.

Siden avgiften skal kreves inn ved produksjons- eller importpunktet, vil stigende pris på alt fossilt forplante seg videre til alle varer som inneholder fossilt brensel. Alt blir dyrere, men gjennomsnitts fossilforbruk blir kompensert med direkte utbetaling, og

> «Det er en Robin Hood-løsning: de med høyt karbonforbruk vil gå i minus, mens de med lite karbonforbruk, vil tjene.



de fleste vil da komme fordelaktig ut. Da blir det mulig å gradvis heve avgiftene til et nivå der de får virkelig effekt. Med tilstrekkelig stigning i avgiften, kan KAF bli et hovedelement i den hestekuren klimaet nå krever av oss.

Partiene argumenterer mot KAF med at Norge ikke har noen «tradisjon» for en slik modell, der en avgift betales direkte ut igjen til folket. Men har vi en tradisjon i klimapolitikken som er verdt å verne? Utslippene stiger fortsatt. Mange, ikke minst Senterpartiet, mener at avgiftsmodellen vil bli distriktsfiendtlig ved at bare de som har tilgang til kollektivtrafikk vil ha alternativer til å bruke fossilbil. Det er ikke riktig. I dag er elbil tilstrekkelig for de fleste også på bygda.

Venstre har døra på gløtt for KAF, men stemmer mot utredning fordi partiet heller ønsker en modell som gir skattekutt i bytte mot klimaavgifter. De andre partiene som er mot KAF, hevder at de er for at CO2-utslipp må prises slik at de reflekterer de framtidige miljøkostnadene. Da virker det paradoksalt at de samme partiene hevder at det ikke har noen effekt å heve avgiftene, og derfor går imot utredning. Det er for lengst klart at miljøkostnadene potensielt er uendelig høye, og at tiltak må iverksettes straks. Denne typen tilfeldige og selvmotsigende argumenter er jo bare et uttrykk for det vi har visst veldig lenge: Det er ingen vilje til å ta nødvendige grep. Med en atmosfære som allerede er overfylt av klimagasser, er vi allerede på overtid. Derfor må politikerne nå vise mot og vilje til å ta nødvendige grep. Hvis ikke vil det ikke være mye annet enn ord og løfter som skiller norsk klimapolitikk fra den vi frykter fra Trumps USA.

Partiene går inn for utbygging av infrastruktur som ladestasjoner. Det er viktig og bra, men samtidig legges det opp til veibygging i stor stil, som vil gi trafikkvekst som nuller klimakuttene – eller til og med fortsetter å øke dem.

Vi får ingen rask, storstilt overgang til fornybar energi så lenge fossilt er billigst. Enhver effektiv klimapolitikk vil gjøre energi dyrere for sluttbrukeren. Dette blir svært vanskelig eller umulig å få gjennomført, om ikke folket blir kompensert. Striden om flyseteavgiften og den minimale økningen av drivstoffavgiftene som regjeringen nå foreslår, viser at skattlegging av klimakostnader må kompenseres. Staten får da verken mer eller mindre penger – det blir en rein overføring av penger fra forurenserne til de med en mer klimavennlig livsstil.

Det kan virke som at det er frykten og usikkerheten knyttet til forandring som fikk politikerne til å gå imot utredning av KAF – men Norges klimautslipp fortsetter å stige, så dagens modell fungerer åpenbart ikke. Tvert imot tydeliggjør den behovet for en helt ny kurs. Da må politikerne tørre å utrede nye modeller som faktisk kan gi den kursendringen vi er avhengige av.

*Hallvard Birkeland er styremedlem i Naturvernforbundet Hordaland, og medlem av fylkeslagets klima- og transportgruppe. Han er medlem i SV.* Synnøve Kvamme er fylkes*leder i Naturvernforbundet Hordaland.*







SKL

VASSKRAFT FRÅ SKL ER
REIN, FORNYBAR OG
BEREKRAFTIG ENERGI.

skl.as




Askøy energi

**Lokal strøm – like billig, bare nærmere**

**Bestill billig strøm på www.askoykraft.no**

e-post: kraftsalg@askøy-energi.no

Tlf. 56 15 19 33

# Ikke overse Russland

## Klimaendringene har allerede dramatiske konsekvenser i Russland. Det bør vi få med oss.

TEKST DANIEL VOSKOBOYNIK

Den russiske regionen Jamal er sjelden omtalt i globale medier. Området er større enn Frankrike, men er fjerntliggende, nær polarsirkelen, langt fra oppmerksomhetens blikk. I juli år førte imidlertid nyheter om et miltbrannutbrudd i Jamal til medieoppmerksomhet. Syttito nomadiske gjetere, inkludert 41 barn, ble lagt inn på sykehus etter å ha blitt syke. En tolv år gammel gutt og hans bestemor kunne ikke reddes.

Epidemien var et resultat av en hetebølge, der Sibir opplevde temperaturer på opp mot 35 varmegrader. Gamle miltbrannsporer som hadde vært fanget i permafrosten ble tint opp, og beitedyr ble utsatt for dem. Forskere har lenge advart: dersom den siberiske permafrosten smelter, som et resultat av klimaendringer, kan det føre til at sovende sykdommer i gamle, nedfrosne dyrelik kan våkne til live. En stakket stund ble verdens miljøinteresse vendt mot Russland, et land som i betydelig grad blir oversett i diskusjoner om klimaendringenes konsekvenser.

Som delvis russisk miljøaktivist og journalist i Europa, stiller jeg meg ofte spørsmål om Russlands fraværende rolle i den vanlige dekningen av miljøspørsmål. Som mange andre land ser Russland bare ut for å bli en del av bildet når det hender noe ekstremt. I andre tilfeller fremstilles landet som et miljømessig krisetilfelle, en slags skurkestat så langt fra noen virkelig fremgang at vi bare bør overse det. Eller kanskje er det et land av så enorme dimensjoner at det ikke forstås, og dermed ikke vekker interesse.

**De dramatiske konsekvensene**

Under nyhetsradaren har imidlertid klimaendringene hatt konsekvenser for Russland i flere tiår. Det er først og fremst mulig å se gjennom mer ekstremvær. I 2012 fikk landet en høy plassering på den såkalte klimarisikoindeksen, som nummer ni på listen over land som var mest påvirket av klimaendringer det året.

Skogbrannene blir flere og mer destruktive. De siste to årene har branner i Sibir og det fjerntliggende, østlige delene av Russland ført ti enorme menneskelige og økonomiske kostnader. Sommeren 2010 førte kombinasjonen av en hetebølge av historiske proporsjoner og svært forurensende skogbranner til rundt 11.000 tidlige dødsfall. Samme år innledet en toårig tørke som gav dårlige avlinger og økte matpriser.

Områder som Altai-regionen, nord-Kaukasus, utløpene til Jenisej og Lena; og republikken Komi har opplevd økt flomrisiko. I 2012 døde 171 mennesker i Krymsk, Krasnodar etter et regnskyll som gav like mye regn som det vanligvis kommer på fem måneder i løpet av en natt. Tre år senere viste en studie fra russiske og tyske forskere en direkte sammenheng med økte temperaturer i Svartehavet.

Utover ekstremværet ser man også mer gradvise konsekvenser. Klimaendringene har bidratt til spredning av flåttbåren hjernebetennelse, og eksperter advarer om at parasittene får større utspredning. Russland har verdens mest omfattende problemer med kysterosjon, øyer som Vize i Nordishavet mister mellom fem og femten meter kystlinje i året. Problemet er forverret som et resultat av global oppvarming.

Tinende permafrost utgjør i tillegg til en fare for sykdommer også en fare for utgamle gravesteder og for landets infrastruktur, mye av den bygget på det som har vært permanent frosset mark. Store mengder infrastruktur er allerede «deformert», og forskere advarer mot mulige lekkasjer av både olje og radioaktivt avfall som et resultat av smeltingen.

> «Store mengder infrastruktur er allerede «deformert», og forskere advarer mot mulige lekkasjer av både olje og radioaktivt avfall.

**Livet på grensen**

Russland har noen av verdens tøffeste klima, og i løpet av tusenvis av år har samfunn klart å tilpasse seg et liv i disse omgivelsene. Det skjøre samspillet mellom natur og kultur betyr imidlertid



Russisk boreal barskog, som her ved Verkhojansk, utgjør betydelige karbonlagre. Men klimaendringene bidrar til økt skogbrannfare.
Foto: Becker, sluppet i public domain.

at selv små forstyrrelser i økosystemene kan ha varige konsekvenser.

Etter hvert som konsekvensene blir tydelige ser man klimaendringenes tragiske dynamikk: de som er mest sårbare er også de som rammes hardest. I Russland er det marginaliserte urfolk og de fattigste, mest isolerte samfunnene som rammes mest. Utdatert infrastruktur, enorme områder, begrenset interesse i offentligheten, uforberedte byer og en mangel på initiativ fra myndighetene bidrar alle til å gjøre belastningen større.

De som hever stemmen om landets miljøproblemer står også ovenfor fare. Lovverk om «utenlandske agenter», innført av de russiske myndighetene i 2012, har blitt brukt til å true miljøorganisasjoner som det siberiske miljøsenteret, EcoDefense og Miljøfokus på Nord-Kaukasus. Profilerte miljøaktivister har måttet forlate landet. I forrige uke ble frivillige brannmenn fra Greenpeace og Miljøfokus angrepet av væpnede og maskerte menn mens de arbeidet med å slukke branner i Krasnodar.

Nivået på klimaendringene i Russland er kanskje mest skrikende når det ses i sammenligning med bredere trender. Den globale oppvarmingen er sterkest i regioner nær polene, og Russland er ikke et unntak, med en temperaturøkning som går hurtigere enn på resten av planeten. En rapport fra det russiske klima- og miljødirektoratet indikerer at gjennomsnittstemperaturen i Russland har økt med 0,43 grader i tiåret i perioden mellom 1976 og 2012 – mer enn det dobbelte av det globale gjennomsnittet. Nylige studier viser at Russland kan komme til å se temperaturøkning på mellom 6 og 16 grader i gjennomsnittstemperaturer innen 2100, sammenlignet med en global temperaturvekst på fire grader.

Konsekvensene av klimaendringer i Russland har også enorm global betydning, siden Russland antagelig har verdens største karbonlager. Landets store boreale barskoger, som i økende grad er sårbare for skogbranner, inneholder mellom 300 og 600 millioner tonn karbon. Permafrost og torvmyrer inneholder anslagvis 950 milliarder tonn karbon, rundt 1,3 ganger mer enn mengden karbon i atmosfæren. Og til sist: landets enorme reserver av fossile brennstoffer inneholder en mengde karbon som langt overgår mengdene vi trygt kan slippe ut. Klimaendringer og en økonomisk modell som fokuserer på intensive uttak av disse ressursene står i fare for å knuse det russiske karbonlageret.

I tillegg spiller Russland en viktig rolle for global matvaresikkerhet, som verdens største eksportør av hvete. I 2012, når hetebølger og branner ødela avlinger, innførte regjeringen eksportforbud på hvete, bygg og rug. Dette bidro til den global matkrisen det året, noe som igjen bidro til bråk og uro i andre deler av verden, spesielt i Midtøsten.

**Nødvendig kunnskap, nødvendig solidaritet**

Vi står ovenfor farlige tider. Hver eneste måned i 2016 har vært den varmeste i historien. Fra Colombia til Bangladesh ser man at de skjøre økosystemene som har latt livet feste seg begynner å falle fra hverandre.

Klimaendringene medfører ikke bare at vi er nødt til å utfordre tunge økonomiske interesser, grunnleggende strukturer og økonomiske systemer, men også en utfordring når det gjelder empati og forståelse. Mens mange samfunn verden rundt allerede står ovenfor ulevelige konsekvenser som krever drastiske tiltak befinner de fleste beslutningstakere, befolkninger og organisasjoner med makt til å påvirke situasjonen seg på komfortabel avstand fra de akutte problemene. Meningene våre bunner i hva vi ser, og når det gjelder klimaendringer er det for mange av oss som blander sammen rekkevidden av det vi ser med virkeligheten. For at den avstanden skal fjernes er det mer enn noen gang nødvendig med mediadekning og forståelse av klimaendringene: omfattende, kritisk og virkelig internasjonal. Gjennom å overse klimaendringenes konsekvenser i Russland vender vi ikke bare ryggen til samfunn som opplever brutaliteten i et sårbart klima, vi begrenser også solidaritet og muligheter for felles handling, felles handling som er så sårt nødvendig.

*Daniel Voskoboynik er journalist og arbeider dessuten med kampanjer innen både menneskerettighetsspørsmål og miljø. Artikkelen er tidligere publisert i OpenDemocracy, under Creative Commons BY-NC-4.0-lisens. Den er her oversatt av Øyvind Strømmen.*

MILJØAGENTENE
MED RETT TIL Å SI IFRA




# Jakten på en miljøvennlig jul!

## Miljøagentene gir deg julegavetips.

TEKST/FOTO MILJØAGENTENE ILLUSTRASJON TARA STORHAUG ALFREDSEN (11 ÅR)

Vi som bor i verdens rikeste land er blitt rike på ting og fattige på tid sier noen. Forbruket vårt er ikke bærekraftig og noen synes nok at julen er blitt en stressende kjøpepressfest. Miljøagentene synes at det er på tide å ta en pust i bakken og å huske på at julen er en tid for både kos og ettertanke. Her er noen tips som kanskje kan lette på gavestresset.

1. Gå sammen og **spleis på en gave**, istedenfor å kjøpe mange små. Har du stor familie kan det også være greit å bli enig om å kutte gaver til for eksempel søskenbarn, eller man skrive et fint kort, og **gjøre noe sammen** istedenfor: en tur på kino, kanskje, eller en sykkeltur til våren?

2. Det kan bli for mange gaver. Istedenfor å løpe fra butikk til butikk før julaften, kan man **sette av tid til hjemmekos** og pepperkakebakst.

3. Også **julegaver kan kjøpes brukt**. På bruktbutikker kan man finne både pene klær, gode bøker og annet som er hyggelig å få til jul. Brukthandel er bedre for miljøet.

# Barnas Klimapanel til Marrakech

I november arrangeres FNs klimaforhandlinger i Marrakech. I år som i fjor skal Barnas Klimapanel være tilstede for å påvirke, lære og formidle klimakrav på vegne av norske barn. Barna i panelet er i full gang med å forberede en ny rapport som skal overleveres til politikere og beslutningstakere på klimakonferansen. De har fått inn hundrevis av nye innspill fra barn over hele Norge, og disse innspillene skal prege innholdet i rapporten og deltagelsen på konferansen.

På COP21 i Paris fikk Barnas Klimapanel blant annet et hjertelig møte med FNs klimapanel, og de har opprettholdt den gode dialogen i året som har gått. Barnas Klimapanel har holdt foredrag om kommunikasjon rettet mot barn på et kommunikasjonsseminar i regi av FNs klimapanel og fikk et privat møte med den nye lederen Hoesung Lee i juni. Barnas Klimapanel håper å fortsette dialogen med et nytt møte i Marrakech. På sikt ønsker Miljøagentene at Barnas Klimapanel kan skape et større engasjement blant barn på tvers av landegrenser, og at vi kan få klimakonferanser for barn over hele verden og utvikle et internasjonalt Barnas Klimapanel.




KLIMARAPPORTEN
Barnas Klimapanel har skrevet en rapport basert på innspill fra flere tusen norske barn.
Last ned: bit.ly/2gDBbLf






4. **Gi opplevelser** i julegave. Det kan være teaterbilletter, kino, konsertbilletter, en kanotur, sykkelturer, «klippekort på eventyrstund», en spillkveld eller kanskje en badetur for barna (en tur til badeland er mye artigere enn en plastleke). Mange voksne kan nok bli glade for å få hekklipp, dekkskift i gave, og en flatpakket fuglekasse kan være en fin gave fra bestefar til barnebarn, inkludert både snekkerverksted, tur i skogen og kos med pinnebrød og varm saft.

5. Gi et gavekort til et **veldedig formål**.

6. Dersom du er på jakt etter en gave som kan pakkes inn er det lurt å kjøpe noe som er av **god kvalitet**. Gaver som kan spises eller drikkes er ofte hyggelige å få. Og du trenger ikke glossy gavepapir som ikke kan gjenvines: gaver kan pakkes inn i avispapir eller gråpapir og pyntes med bast, kongler eller tegnes på. Det er både kulere og mer miljøvennlig.

Husk på at det beste med julen er gratis. Tid sammen, spillkvelder, aketurer, Tre nøtter for Askepott, tegnefilmer og det å spise god mat sammen med venner og familie.

Ved å kompostere lager du den billigste og beste jorda i verden.

# God jord

TEKST MORTEN BRAGDØ

Organiske materialer, vann og luft er de viktigste ingrediensene for å lykkes med kompostering. Det som i hovedsak skal oppi kompostbingen, er grønt og brunt planteavfall. Det grønne gir varme til komposten, og kan være for eksempel friske blader, småkvister med grønne blader og gressklipp. Det brune roer ned, gir struktur til komposten, og kan være brune blader og greiner. Kjøkkenavfall er også fint å kompostere, så lenge det ikke er kokt eller stekt. Matrester som skrellinger, rekeskall og fiskeslo er supert, men pass på å blande det sammen med litt jord. Har du veldig mye gressavklipp, bør det også blandes med litt jord først.

OBS! Vær klar over at hunder, rotter og katter kan lukte animalske rester som ikke er dekket godt med jord. Best er det å ha disse i en lukket kompostbinge eller direkte i jorda. Og kun i små mengder, spredt godt rundt forbi og dypt nok.

**Første året**

En god kompost bygges lagvis. Legg de største kvistene nederst på kryss og tvers, da kommer det godt med luft til i bunnen av komposten. Kvistene bør ikke være tykkere enn en tommelfinger. Legg deretter lagvis med tynt og grov materiale og jord. Når du bygger opp på denne måten, blir det ikke for varmt og meitemarken trives godt.

Hvis det er meldt lange perioder med regn, er det lurt å dekke til med en presenning, så ikke varmen forsvinner. Skulle komposten gå kald for deg, er det enkelt å stikke nedi en dobbel neve med kløverblader eller gressklipp og litt vann. Da er den fort i gang igjen. Dette er ikke en varmkompostering, så temperaturen skal bare føles godt varmt når du stikker neven nedi.

Husk at hagen din også trenger blader, løv og gressavklipp direkte i jorda innimellom plantene. Det er kompostering det også, den bare foregår på stedet.

**Andre året**

Selv om du har fylt opp komposten om høsten, vil du oppleve at den har sunket sammen litt når våren kommer. Kompenser dette med litt ekstra god jord fra egen hage eller kompostbinge. Plant inn det du liker av for eksempel sylteagurker, squash, tomater, blomkarse, salat, bønner og poteter. Stu toppen av bingen full av planter. Det skal tyte utover kantene etter hvert – det gjør godt både for deg og komposten.

Alle røttene som nå vokser nedover i kompostbingen vil bidra med viktige og nyttige biokjemiske stoffer som tiltrekker seg milliarder av mikroorganismer. Jo flere av dem, jo bedre blir jorda. Høst godsakene etter hvert som de modnes. I løpet av høsten har du samtidig fått en supergod kompostjord.

Vil du bruke jorda nå, må du flytte grønnsaksplantene over i en ny kompost eller grave de ned mellom andre planter. Får du mer jord enn du trenger, legger du den i en haug og isolerer med løv eller vintermatte.

Hvis du vil at jorda skal overvintre i selve kompostbingen, dytter du plantene nedover i komposten, så blir det til god jord til våren. Husk å isolere bingen med ei vintermatte.

Har du regnet på hvor mye du kan spare? Du trenger aldri mer kjøpe jord.

*Dette er et utdrag fra «Hageboka», skrevet av Morten Bragdø – som er fjerde generasjons gartner, og er brukt her med tillatelse. Boken kan du lese mer om på hageboka.no.*



Foto: Mette Havre

## Et godt nyttårsforsett

TEKST ØYVIND STRØMMEN

Å komme i gang med kompostering kan være et godt nyttårsforsett. NaturVest har fått lov til å gjengi Morten Bragdøs oppskrift på kaldkompost i binge, som også kan gi en fin liten grønnsakshage. Om du bor i by, og ikke har tilgang på hage, kan imidlertid en slik tradisjonell kompostløsning være vanskelig.

Da kan for eksempel såkalt Bokashi hjemmekompost være et alternativ: en lettvint løsning som krever liten plass, ikke lukter og som fint kan brukes på kjøkkenet. Jobben blir gjort av mikrober i bokashistrøet, som setter i gang en fermenteringsprosess når de kommer i kontakt med organisk materiale i et lufttett miljø. Når det fermenterte matavtallet senere kommer i kontakt med jord går omdanningen svært kjapt.

BIR gir støtte til kompostering, også til Bokashi, og utstyret du trenger kan du også kjøpe hos Råvarene i Skostredet i Bergen, som nylig også arrangerte kurs i kompostering. Vi håper det blir flere av dem.

METALLCO
BERGEN

VI KJØPER ALLE TYPER METALLER, SKRAPJERN OG KABELAVFALL

STØRRE KVANTA HENTES

VI UTFØRER DEMONTERING

VI UTPLASSERER CONTAINERE

Metallco Bergen AS
Damsgårdsveien 95/97 5058 Bergen
Tlf. 55 34 17 70 - bergen@metallco.com














*"den gode hageeigar dyrkar ikkje i første rekkje blomar – han dyrkar jord"*

Med heimekompostering får du jamn forsyning av god hagejord. I tillegg gjev vi deg avslag på det årlege renovasjonsgebyret.

Les meir om heimekompostering og korleis du både kan spare pengar og få betre hagejord på **www.fjellvar.as.**

FJELLVAR
VATN AVLØP RENOVASJON

**Tlf: 56 31 59 30**
postboks@fjellvar.as










B-BLAD
retur: Naturvernforbundet Hordaland
co/ Medlemsregisteret
Naturvernforbundet
Mariboesgt. 8, 0103 OSLO

ETTERSENDES IKKE VED VARIG ADRESSEENDRING, MEN SENDES TILBAKE TIL AVSENDER MED OPPLYSNINGER OM DEN NYE ADRESSEN

# Naturvernkalenderen 2016/17

## Oversikt over noen natur- og miljørelaterte arrangement framover. Følg med på www.naturvernforbundet.no/hordaland for mer informasjon.



### Den naturlige skolesekken

I løpet av våren blir det utflukt til skoler i Hordaland.

Skoler som ønsker undervisningsopplegg kan ta kontakt på hordaland@naturvernforbundet.no eller fylle ut skjema: bit.ly/NaturligeSkolesekkenHordaland



### Bli aktiv!

Les om hvordan du kan engasjere deg: bit.ly/aktiv-1914

**Faggrupper i Naturvernforbundet Hordaland:**
- Klima og transportgruppen
- Naturmangfoldsgruppen
- Bygg- og energigruppen

**Lokallagene** jobber med natur, miljø og klimasaker i sine nærmiljø. I Hordaland har vi lokallag på Askøy, i Bergen, Kvam, Kvinnherad, Nordhordland og på Voss.

Du kan også bidra med din kompetanse i NaturVest eller i holdningsskapende arbeid.

Andre aktive grupper:
- Miljøagentene
- Natur og ungdom
- Naturvernstudentene

### Naturligonsdag

Er du alltid opptatt på onsdager? Du kan allikevel få med deg møtene *Naturlig onsdag* på YouTube-kanalen vår. Følg oss også på Facebook og Instagram.

Tips til saker sendes til: naturvest@naturvernforbundet.no

### FEBRUAR

**Naturlig onsdag: Sykkelens plass i byen**
ONSDAG 1. FEBRUAR 19:00 STED ANNONSERES

### Prøv elsykkel i en uke!

Medlemspris: 0,-
Ord. pris: 350,-.

Bestill på provekjore.no.
Send en epost til medlem@naturvernforbundet.no for å få verdikode.

NB! Du kan bli medlem når du bestiller.